

## Saksprotokoll i Vestland ungdomsutvall - 19.11.2021

Mia Holdhus sette fram følgjande forslag:

«Alternativ:

Vestland Ungdomsutval ønskjer at det skal bli tryggare å ferdast langs vegen. Me meina det er ønskjeleg med fleire sykkelstiar, gangfelt og fotgjengarovergangar langs vegar som ikkje har dette. Det burde leggjast meir til rette for at ein skal kome seg rundt på sykkel eller ved å gå. Det er ønskjeleg at fleire kan få betre trafikkopplæring i ung alder, gjerne i forbindelse med skule. Valfaget trafikk som er tilbydd ved nokre ungdomsskular er me svært positive til, og me ser på det som eit fag som bidrar til større trafikktryggleik blant unge og ønskjer at dette skal bli tilgjengeleg på fleire skular. El-sparkesyklar har gitt trafikkbilete nye utfordringar. I forlenging av uttale til nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2022-2025, vil Vestland Ungdomsutval framheve at både lokale og statlege myndigheiter burde ha meir handlingsrom til å regulera el-sparkesyklar, og at elsparkesyklar bør differensierast frå vanlege sykklar i lovgiving som til dømes i siste ledd av kjøretøyforskriften §2-5, nr12. Det er svært bra at ein ønskjer å sjå meir på korleis ein kan sikre barn i skuleskyssen og andre trafikksikringstiltak på skuleveg. Om ein har betre gangfelt og færre farlege vegar langs skulevegen kan ein også spare på skuleskyssen og ein får meir fysisk aktivitet inkludert i kvardagen. VU ser også alvorleg på ulukkesstatistikken for unge, og vil understreka kor viktig det er med førebyggjande tiltak spesifikt for dei nyaste trafikkantane. Slike tiltak er mest aktuelt for 1. klassingar og 3. klassingar på vidaregåande opplæring.»

### Avrøysting

Mia Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Uttale

Vestland Ungdomsutval ønskjer at det skal bli tryggare å ferdast langs vegen. Me meina det er ønskjeleg med fleire sykkelstiar, gangfelt og fotgjengarovergangar langs vegar som ikkje har dette. Det burde leggjast meir til rette for at ein skal kome seg rundt på sykkel eller ved å gå. Det er ønskjeleg at fleire kan få betre trafikkopplæring i ung alder, gjerne i forbindelse med skule. Valfaget trafikk som er tilbydd ved nokre ungdomsskular er me svært positive til, og me ser på det som eit fag som bidrar til større trafikktryggleik blant unge og ønskjer at dette skal bli tilgjengeleg på fleire skular. El-sparkesyklar har gitt trafikkbilete nye utfordringar. I forlenging av uttale til nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2022-2025, vil Vestland Ungdomsutval framheve at både lokale og statlege myndigheiter burde ha meir handlingsrom til å regulera el-sparkesyklar, og at elsparkesyklar bør differensierast frå vanlege sykklar i lovgiving som til dømes i siste ledd av kjøretøyforskriften §2-5, nr12. Det er svært bra at ein ønskjer å sjå meir på korleis ein kan sikre barn i skuleskyssen og andre trafikksikringstiltak på skuleveg. Om ein har betre gangfelt og færre farlege vegar langs skulevegen kan ein også spare på skuleskyssen og ein får meir fysisk aktivitet inkludert i kvardagen. VU ser også alvorleg på ulukkesstatistikken for unge, og vil understreka kor viktig det er med førebyggjande tiltak spesifikt for dei nyaste trafikkantane. Slike tiltak er mest aktuelt for 1. klassingar og 3. klassingar på vidaregåande opplæring